



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Aleheim	N - 101	19/730

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/20	Hovudutval helse/omsorg	PS	20.01.2020
006/20	Hovudutval oppvekst/kultur	PS	20.01.2020
008/20	Hovudutval teknisk/næring	PS	20.01.2020
015/20	Formannskapet	PS	03.02.2020
013/20	Kommunestyret	PS	17.02.2020

OPPSTART KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR SVEIO 2020-2023

Prenta vedlegg:

Planstrategi 2016-2019 og planprogram for kommuneplanen 2019-2031

Saksopplysningar:

Rådmannen, 03.01.2020

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Plan- og bygningslova

Saksorientering:

I samsvar med plan- og bygningslova § 10-1 skal kommunane i Noreg utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi, innan eitt år etter at nytt kommunestyre blir konstituert. I planstrategien skal kommunane visa dei strategiske vala knytt til samfunnsutviklinga. Tema som bør inngå i planstrategien er langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden, inkludert vurdering om kommuneplanen skal reviderast.

Utarbeiding og handsaming av planstrategien kan slåast saman med og vera ein del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen. Dette var tilfelle i 2016 då arbeidet med gjeldande planstrategi blei vedteke starta opp, samtidig som det blei vedteke at kommuneplanarbeidet skulle starta opp. I løpet av 2016 blei forslag til planstrategi og planprogram for kommuneplanarbeidet utarbeida. Eit felles dokument blei godkjent i kommunestyret 12.12.2016, i sak KOM-133/16.



Planstrategien er ikkje eit juridisk bindande dokument, utan den skal berre seia noko om kva utvikling kommunen ønskjer.

Økonomiske konsekvensar:

Planstrategien i seg sjølv inneber ikkje nokre økonomiske konsekvensar, anna enn dei ressursar som går med til å utarbeida dokumentet, men planprosessar og tiltak som er omtalte i planstrategien kan medføra behov for å løyva økonomiske ressursar i framtida.

ROS-analyse:

Ikkje aktuelt

Uttale frå barnerepresentanten etter pbl.:

Barnerepresentanten har moglegheit for å koma med innspel til planstrategien før dokumentet blir utarbeida og han får forslaget til intern høyring før dokumentet blir godkjent.

Vurdering – folkehelse:

Folkehelsekoordinatoren har moglegheit for å koma med innspel til planstrategien før dokumentet blir utarbeida og han får forslaget til intern høyring før dokumentet blir godkjent.

Vurdering – miljø:

Plan- og bygningslova legg opp til at miljøutfordringane bør drøftast i planstrategien. Dei nye nasjonale forventingane legg òg stor vekt på klimaspørsmål og miljø, og difor vil det vera naturleg å særleg drøfta temaet i planstrategien.

Vurdering:

Planstrategien er todelt. Den består av ein skriftleg del som omtalar utviklingstrekk og utfordringar i kommunen, der dei strategiske vala for framtida blir omtala, og ein del som viser kva planoppgåver som skal prioriterast i valperioden slik at ein kan oppfylle forventingane for utviklinga.

Planstrategien for perioden 2016-2019 hadde som målsetting å sikra visjonen om «Vilje til vekst, ein god stad å bu». For å få det til blei det fastsett nokre konkrete strategiske føresetnader. Desse strategiske vala skulle bidra til å oppnå ønskja utvikling. Strategiane skulle vera så konkrete at dei kunne sei noko om dei forventingane som kommunen hadde for samfunnsutviklinga.

Dei 11 strategiska vala for 2016-2019:

- skapa arbeidsplassar med rett lokalisering
- stimulera til bustadutbygging med fokus på prinsippa om samordna arealplanlegging.



Sveio kommune

- styrkja sentrumsutviklinga og senterstrukturen for å sikra god tilgang til handel, tenester og servicefunksjonar for innbyggjarane
- sikra gode og trygge trafikkforhold
- sikra gode bumiljø med tilgang til daglege funksjonar
- samarbeida med nabokommunar, og vera med å støtta Haugesund og Leirvik som regionsenter
- vidareutvikla god tenesteyting til innbyggjarane
- styrka skulen i forhold til kunnskap i lesing og rekning
- sikra gode grøntområde og tilgang til friluftsliv
- på ein god måte utnytta potensialet det er å vera ein kystkommune.
- vidareutvikla dei kulturfyrtårna kommunen allereie har og leggja meir vekt på reiseliv, turisme og oppleving i kommunen.

Argumentasjonen for desse vala var følgjande:

(jf. s. 52 i Kommunal planstrategi for Sveio 2016-2019)

For å oppnå visjonen om «Vilje til vekst, ein god stad å bu» må ein oppfylle nokre konkrete mål på vegen dit. Dette kan omfatta å leggja til rette for meir næringsverksemd, fleire bustader og sikra alle tilgang til sjøen. Vurdering av slike tiltak må gjerast med omsyn til eit meir heilskapleg perspektiv og med tankane om å samordna funksjonar i større grad enn tidlegare.

Med oppgåva kjem òg utfordringa med å finna rett lokalisering til rett føremål. Kommunen må mellom anna i planlegginga av næringsareal sjå på kva næringsverksemd ein skal leggja til rette for og lokalisera den der den høyrer heime. Det vil vera naturleg å sjå at landbruket må liggja der det finns landbruksareal, og handel og servicefunksjonar bør liggja i senterstrukturen der alle har tilgang. Areal for turisme og reiseliv må lokaliserast der opplevingane er. Det vil òg vera føremålstenleg å leggja sjøretta næring på areal med tilgang til sjøen. Samtidig bør næringsverksemd som er avhengig av transportar lokaliserast med god tilkomst til hovudvegnettet. Ein viktig faktor for vurdering av næringsareal vil med andre ord vera tilkomst og tilgjenge.

Ønskjer ein å stimulera til fortsatt god folketalsutvikling må ein sjå på kva lokalisering dei nye bustadområda skal ha. Dei skal vera attraktive, men samtidig må ein sikra at dei vert plasserte med fokus på samordning med andre funksjonar i samfunnet. Her må ein mellom anna sjå på avstand til sentrumsfunksjonar og til skular som har kapasitet til fleire elevar. Ein må sikra trygge skuleveggar, avklara om det er fullgod teknisk infrastruktur i området, og om det er tilgang til kollektivtrafikk slik at dei som ikkje har eller ikkje ønskjer å bruka bil likevel kan bu i området.

Dersom ein ikkje tek omsyn til fleire ulike faktorar i valet av lokalisering kan kommunen koma til å betala ein dyr pris i framtida. Lite gjennomtenkt lokalisering av nye byggjefelt kan medføra etterfølgjande krav til tilrettelegging som ein ikkje har venta seg. Slike krav kan medføra store kostnader for kommunen i framtida. Det gjeld mellom anna krav til nye



gang- og sykkelveggar, skuleskyss, utviding av barnehagar og skular når desse vert overfylte, forventningar til utbygging av teknisk infrastruktur, lange avstand til heimetenester mv. Dersom desse faktorane ikkje vert vurderte i planleggingsfasen vil dei koma som overraskande utfordringar og tilleggskostnader for kommunen i framtida. Dette vil vera faktorar som ein ikkje har vurdert i budsjettet og som det i utgangspunktet ikkje er sett av midlar til.

Andre faktorar som ikkje kjem til å kosta kommunen noko særleg i budsjettsamanheng, men som likevel kan få store konsekvensar er nedbygginga av dei «godane» kommunen har i form av friluftsområde, strandsoner og grønstruktur mv. Det er verdiar som ikkje har ein prislapp men der nedbygging vil vera irreversibelt. Omsynet til allmenne interesser og verknader for samfunn og miljø er viktige å ta med i vurderinga når ein ønskjer å leggja til rette for ny utbygging. Dette er verdiar som er med på å gjera Sveio til ein god stad å bu. Forsvinn desse verdiar vil òg mykje av Sveio sin attraksjon forsvinna.

Å ha tilgang til naturen og gjera tilkomst til sjøen mogleg er viktige faktorar som er med på å sikra gode levekår i Sveio. I drøftinga om kva areal som skal sikrast og kva areal som kan takast i bruk må ein ta omsyn til planlegging og utbygging på ein berekraftig måte, slik at ikkje dei store og viktige verdiane vert viska vekk i dei nye overordna planane. Ein må sikra at tiltak skjer med omsyn til omgjevnadene, med aktsemd og med respekt for dei allmenne interessene, samfunnet og miljø. Dette kan mellom anna gjerast i strandsona gjennom å sikra gode friluftsområde og badeplassar og leggja til rette for tilkomst til sjøen og samtidig fortetta allereie utbygde strandsoner framfor å ta nye og urørte område i bruk. Målet må vera å sikra tilgang til strandsona for alle i heile kommunen.

Ser ein på nosisasjonen i Sveio er ikkje føresetnadene endra i særleg stor grad. Dei strategiske vala som kommunen valte for utviklinga i 2016 er såleis fortsett gjeldande. Det som har skjedd er at det har kome nye nasjonale forventningar frå regjeringa (mai 2019) der mykje av det som tidlegare gjaldt fortsett står med, men der fokuset på klimaspørsmål og krav om å oppfylla dei 17 berekraftsmåla til FN no står høgt. I tillegg har forventingane til folketalsutviklinga i kommunen endra seg i forhold til i 2016. I dag veit vi at folketalsveksten er lågare enn det ein trudde på det tidspunktet.

Elles har det ikkje skjedd nokre andre store hendingar eller forandringar i kommunen som indikerer at det er behov for store endringar i måten kommunen arbeider for utviklinga. Føresetnadene for kommuneplanarbeidet og utfordringane i kommunen er såleis i stor grad dei same. Med det som grunngeving er det ikkje heller er så stort behov for å gjera dei store endringane i planstrategien i forhold til den som gjaldt for perioden 2016-2019.

Enno eit argument for ta utgangspunkt i den gamle planstrategien når ny no skal utarbeidast er at kommuneplanarbeidet byggjer på strategiane i det eldre dokumentet. Arbeidet med samfunnsdelen er kommet langt og byggjer på dei 11 strategiske vala i planstrategien. Planen er basert på noverande situasjon og behov i kommunen utan at det kjem i konflikt med dei strategiske vala. Dersom føresetnadene i planstrategien skulle endrast vesentleg kan dette bidra til at samfunnsdelen må justerast så mykje at det blir behov for nytt oppstartsvarsel og ein må starta opp frå start.

Føresetnadene for å leggja til rette for fortsett god utvikling i Sveio har såleis ikkje endra



seg så mykje dei siste åra, og difor bør dei strategiske vala fortsett vera aktuelle i vidareføringa av kommuneplanarbeidet og i samband med utarbeiding av ny planstrategi. Konklusjonen er at dei strategiske vala fortsett er aktuelle og at dei difor òg bør danna grunnlaget for arbeidet med ny planstrategi for Sveio kommune. På den måten kan ein sikra at innhaldet samsvarar mellom kommuneplanen og den nye planstrategien.

Framdriftsplan:

Dersom rådmannen kan utarbeida ny planstrategi som er basert på det dokumentet som galdt for perioden 2016-2019 samt nye overordna føringar vil det ikkje vera behov for store endringar. Forslag til ein ny planstrategi kan då leggjast fram for vedtak i neste møteserie i mars/april og kommuneplanarbeidet kan fortsetja på det same grunnlaget.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne baserar seg på planstrategien for perioden 2016-2019 med strategiske val. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.

Hovudutval helse/omsorg - 008/20

HHO - behandling:

Røysting: Samrøystes.

HHO - vedtak:

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne baserar seg på planstrategien for perioden 2016-2019 med strategiske val. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.

Hovudutval oppvekst/kultur - 006/20



HOK - behandling:

John Kristian Økland (H) kom med nytt forslag til vedtak:

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne tar utgangspunkt i planstrategien for perioden 2016-2019.

I Sveio kommune har vi eit ønskje om vekst i heile kommunen, både i bygdene og i sentrum. Det er difor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Vekst er ønska uavhengig av om det er i sentrum eller i bygdene.

Asle G. Halleraker (Ap) kom med nytt forslag til vedtak:

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne baserer seg på planstrategien for perioden 2016-2019 med strategiske val.

I Sveio har vi eit ønske om vekst i heile kommunen. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster.

Forslaget frå John Kristian Økland (H) og Asle G. Halleraker (Ap) blei sett opp mot einannan:

Forslaget til John Kristian Økland (H) fekk 5 stemmer, medan forslaget til Asle G. Halleraker fekk 2 røyster.

Mindretalet: Asle G. Halleraker (Ap) og Ingrid P. Furdal (Ap).

HOK - vedtak:

Hovudutval oppvekst og kultur si tilråding til formannskapet:

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne tar utgangspunkt i planstrategien for perioden 2016-2019.

I Sveio kommune har vi eit ønskje om vekst i heile kommunen, både i bygdene og i sentrum. Det er difor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Vekst er ønska uavhengig av om det er i sentrum eller i bygdene.



Hovudutval teknisk/næring - 008/20

HTN - behandling:

Framlegg til nytt vedtak frå Mikal Møller Hovda:

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne tar utgangspunkt i planstrategien for perioden 2016-2019. I Sveio har me eit ønskje om vekst i heile kommunen, både i bygdene og i sentrum. Det er difor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Vekst er ønska uavhengig av om det er sentrum eller i bygdene. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.

Samrøystes som framlagt av Mikal Møller Hovda.

HTN - vedtak:

Tilråding til kommunestyret:

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne tar utgangspunkt i planstrategien for perioden 2016-2019. I Sveio har me eit ønskje om vekst i heile kommunen, både i bygdene og i sentrum. Det er difor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Vekst er ønska uavhengig av om det er sentrum eller i bygdene. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.

Formannskapet - 015/20

FOR - behandling:

Håkon Skimmeland (Ap) fremma Asle Georg Halleraker (Ap) sitt framlegg til vedtak frå behandlinga i Hovudutval oppvekst/kultur:

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne baserer seg på planstrategien for perioden 2016-2019 med strategiske val.

I Sveio har me eit ønske om vekst i heile kommunen. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.

Lars Einar Hollund fremma Hovudutval teknisk/næring si tilråding:



Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne tar utgangspunkt i planstrategien for perioden 2016-2019.

*I Sveio har me eit ønskje om vekst i heile kommunen, både i bygdene og i sentrum. Det er difor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Vekst er ønska uavhengig av om det er sentrum eller i bygdene. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.***Røysting:**

Framlegga blei sett opp mot kvarandre. Skimmeland sitt framlegg fekk 3 røyster, Hollund sitt framlegg fekk 4 røyster.

Mindretalet: Linn Therese Erve (Ap), Håkon Skimmeland (Ap) og Rune Teikari (FrP).

FOR - vedtak:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne tar utgangspunkt i planstrategien for perioden 2016-2019.

I Sveio har me eit ønskje om vekst i heile kommunen, både i bygdene og i sentrum. Det er difor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Vekst er ønska uavhengig av om det er sentrum eller i bygdene. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.

Kommunestyret - 013/20

KOM - behandling:

Framlegg til to nye punkt frå Ole-Ørjan Hov (MDG):

- Det blir lagt opp til revidering av Klima- og energiplanen i inneverande periode.
- Kommunestyret ber rådmannen om å innabeida ein kommunedelplan for naturmangfald i planprogrammet.

Framlegg frå John Kristian Økland (H):

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne tar utgangspunkt i planstrategien for perioden 2016-2019.

I Sveio har me eit ønske om vekst i heile kommunen. Det er derfor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.

Røysting: Punktvis.



Sveio kommune

Formannskapet si tilråding blei sett opp mot Økland sitt framlegg. Sistnemnde blei samrøystes vedtatt.

Første punkt frå Hov falt med 13 mot 12 røyster. Mindretal: Høgre, KrF, MDG, SV og Sp.

Andre punkt frå Hov falt med 13 mot 12 røyster. Mindretal: Høgre, KrF, MDG, SV og Sp.

KOM - vedtak:

Sveio kommune startar arbeidet med ny planstrategi for perioden 2020-2023. Denne tar utgangspunkt i planstrategien for perioden 2016-2019.

I Sveio har me eit ønske om vekst i heile kommunen. Det er derfor viktig at planstrategien ikkje legg for detaljerte og strenge disponeringar som resulterer i unødvendige hinder for utvikling. Prioritering av planar i perioden vil bli oppdatert.